

LUKTA AV EPLE

Ein kjem inn i kjellaren. Straks er det dette som slår ein. Epla er der, lagde til rette på små korger som ligg med botnen i vêret. Ein hadde ikkje tenkt på dette. Ein hadde inga som helst lyst til å la seg dukke ned i ei slik bølge i sjela. Men det er ingenting å gjere. Lukta av eple er ein brottsjø. Korleis har ein klart seg så lenge utan denne bitre og søte barndommen?

Dei skrukkete fruktene må vere herlege, av denne falske tørrleiken der den sylta safta synest å ha trengt inn i kvar rynke. Men ein får ikkje lyst til å ete dei. Ein må for all del ikkje omforme denne svevande makta av lukt til ein identifiserbar smak.

Skal ein seie at det er ei god lukt, at det er ei kraftig lukt? Å nei. Det er noko meir enn det ... Ei indre lukt, lukta av eit betre eg. Hausten på skolen ligg innestengd der. Med fiolett blekk klorer ein feite og magre bokstavar på papiret. Regnet slår mot glasrutene, kvelden blir lang ...

Men angen av eple er meir enn fortid. Ein tenkjer på tidlegare tider på grunn av fylden og intensiteten, eit minne om ei kjellar med salpeter på veggene, om eit mørkt loft. Men det skal opplevast der, haldast fast der, stående. Ein har lagt bak seg det høgre graset og væta i frukthagen. Framfor ein er det som ein varm pust i mørket. Lukta har destillert mildskapen i skalet, dei øresmå skrukkene. Med tørre lepper veit ein alt at denne tørsten ikkje lar seg sløkke. Ingenting ville skje om ein beit i det kvite kjøtet. Det måtte bli oktober, trækka jordgolv, kjellarkvelv, regn, venting. Lukta av eple er smertefull. Det er lukta av eit sterkere liv, av noko langsamt som ein ikkje lenger fortener.

Translated from French by Ragnar Hovland